

SANDNES KOMMUNE		MØTETYPE:SU MØTE NR.: 3		
MØTEREFERAT		DATO:25.09.24 STAD: Høle skule MØTELEIAR: Roar Wold MØTEREFERENT: Arvid Strand	Høle barne- og ungdomsskule	
Til stades:	Roar Wold, Anne Gro Hamre, Martine Vold (vara), Linn Vold, Inge Vold (vara), Victoria Voll, Ute Kissmann og Arvid Strand.			
Forfall:	Gina Osaland, Vebjørn Watsend og Wenche Alsvik			
Sendast og:	Politisk sekretariat og Utval for kultur og oppvekst gjennom 360.			
Saker				Ansvar
SAK 15/24	Referat frå SU-møte 12.06.24 Protokoll godkjent			
SAK 16/24	Utviklingsplan Høle Barne – og ungdomsskule Planen bygg på overordna plan for heilskapleg utdanningsløp i Sandnesskulen og syner korleis vi vil jobbe for å oppnå best mogleg læringskvalitet og læringsresultat. Utviklingsplan Høle skule 2024/25 vedtatt slik den blei lagt fram i møtet.			
SAK 17/24	Endring av timefordeling for å styrke fysisk aktivitet. SU ønsker å nytte handlingsrommet i Opplæringslova og flytte 1,5 veketime frå KRLE til kroppsøving per veke frå og med skuleåret 2024-25. Dette gjev 5.klasse tre timar kroppsøving frå og med skuleåret 2024-25, samt ein time fysisk aktivitet og dermed 4 timar fysisk røyrsløp i veka. Orienteringssak			
SAK 18/24	Korleis skal vi arrangere 10.klassefesten i åra frametter? SU vedtek: 1.Fau dekkar inntil kr.160,- pr elev for gjennomføring av 10.klasse festen herunder mat, kaffi og drikke. 2. Foreldre oppfordras til å bidra med kake/snacks 3. Skulen bidrar med enkel pynting. 4.Fau stiller som kjøkkenhjelp. Samrøystes			

SAK 19/24	<p>SU uttale om fleirbruksbane på Høle. SU blei bedd om å utale seg og stiller seg samrøystes bak forslaget frå Høle Idrettslag om å lage ei fleirbruksbane. Ein fleirbruksbane vil gje eit endå betre tilbod til bydelen.</p> <p>Samrøystes</p>	
SAK 20/24	<p>Praksis med skjerma informasjon fra Utdanningsdirektoratet.</p> <p>SU er svært overraska over å finna ut at skulen ikke har mulighet til å følge med på elevane sine rettar til eit trygt og godt skulemiljø. Skulen får ikkje tilgang til informasjon om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Å få vite mobbetall per klasse i elevundersøkinga • Å få vite mobbetall på skulenivå i elevundersøkinga • Ingen tilgang til skolebidragsindikator på Utdanningsdirektoratet når 2 årskull mindre enn 20 elevar. <p>Skulen er heilt avhengig av å få slik informasjon for å kunne oppfylle elevane sine retter til trygt og godt miljø og drive skuleutvikling.</p> <p>SU ber rektor følge opp saka.</p>	
SAK 21/24	<p>Høle skule sin plan for trygt og godt skulemiljø skuleåret 2024/2025.</p> <p>Det er ny opplæringslov frå 1. august av. Lovendringa gjer at vi har oppdatert vår plan for korleis vi vil arbeide for at alle våre elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Videre er lagt inn ny mal for skiftleg plan for tiltak i skulemiljø saker, kalla "aktivitetsplan"</p> <p>SU vedtek planen slik den er lagt fram av rektor.</p> <p>Samrøystes</p>	
SAK 22/24	<p>Praktisk undervisning 2024/25</p> <p>Høle barne- og ungdomsskule er godt lagt til rette for praktisk og variert undervisning.</p> <p>Vi har ein lærarstab med fagutdanning innan Mat og Helse, naturfag, musikk og Kunst og Handverk.</p> <p>Vidare har skulen god plass og dermed blir fagromma brukt til dei praktiske faga dei er laga for.</p> <p>Den store utfordringa er at driftsbudsjettet står i ro for 6. året. Kutta kvart år svarar då til prisstigninga. Det fører til at vi har stadig mindre til innkjøp av materiale, tekstil, mat og instrumenter for å kunne drive praktisk.</p> <p>Orienteringssak</p>	
SAK 23/24	<p>Utvikling i driftsbudsjett gir mindre til praktisk undervisning.</p> <p>SU vedtek driftsbudsjettet slik det er lagt fram i SU møte, men reagerer</p>	

	<p>på tildeling av midler til praktisk og variert undervisning. Bevilgede midler står ikkje i forhold til intensjonane om praktisk og variert undervisning.</p> <p>Samrøystes</p>	
SAK 24/24	<p>Invitasjon til skolegudstjeneste før jul.</p> <p>SU takkar ja til invitasjon mottatt 12.09 til skulegudstjeneste i Høle Kyrkje</p>	
SAK 25/24	<p>Høyring om Forskrift om skule og feriedagar (skuleruta) 2025-2026</p> <p>SU er invitert til å delta i høyring og tek forslaget til etterretning.</p> <p>(Rektor sende SU si uttale den 27.09.24)</p>	
SAK 26/24	<p>Eventuelt</p> <p>Orientering om solcelleanlegg på skulen.</p> <p>Temaveke blir: «Eg og dei andre». Gjennomførast veke 43.</p>	